

## Referat frå møte i Strøm sokneråd

Sted: Kjerkekontoret

Tid: 23. oktober kl. 16.15

Til stades: Bjørg Thoner, Inger Haug Eskvik, Einar Gelius, Hans Jørgen Geitz, Bjørn Sverre Hol Haugen (ref.)

Forfall: Torill Amundsen, Eli Bekkholt, Christin J. B. Thorsberg

### Sak: 42/24: Orienteringar

- a) Bjørg gjekk gjennom referatet frå førre møte. Retting: Inger Haug Eskvik hadde også meldt forfall til møtet. Godkjent med denne rettinga.
- b) Bispevitjinga: Vi snakka om møtet og var samde om at det hadde vori triveleg. Einar Gelius nemnde at det var lite truleg at det kom noko konkret ut av eit slikt møte.
- c) Eitt av emna som var oppe på møtet, var opne kjerker. Som ein konsekvens av dette har Bjørg Thoner snakka med Per-Ivar Sveheim om det kan vera meir oppe i Strøm enn det har vori. Til dømes kan vi vurdere å gå tilbake til ordninga som var for nokre år sidan, med at kjerka var oppe utan tilsyn. Eit anna døme var helgemessesøndag 3. november, om kjerka kan vera open ei stund mellom gudstenesta og konserten. Inger Haug Eskvik meldte seg til å halde kjerka open eit par timar etter gudstenesta, der ho er kjerkevert.
- d) Arbeidet med stolar og bord går framover (benkane tekne ut i dag), Per-Ivar har tinga nye puter til kjerkebenkane, stolar er i produksjon, og det er von om at alt er på plass til jul. Det elektriske er eit omfattande arbeid.
- e) Søndagen med femtiårskonfirmantar, utdeling av bøker og servering var vellukka. Det var 14 av 43 konfirmantar som møtte fram, og til saman var det nær 100 i kjerka.
- f) Konfirmantkappene må ryddast oppatt på loftet. Bjørg og Inger avtaler ein dag for å gjera det, før onsdag 30. oktober.
- g) Hekta søker om kollekt frå Strøm ein søndag før konfirmantleir. Vi tar opp dette i samband med gudsteneste-, vertskaps- og kollektplan, men vi er positive. Det gjeld å finne ein søndag det er mange folk i kjerka, til dømes ved konfirmantpresentasjonen.
- h) Kollekt sist søndag gjekk til TV-aksjonen, sjølv om det sto eige arbeid i soknet på planen. Soknerådet støtta at presten hadde gjort denne endringa og foreslår å ta oppatt denne praksisen.

### **Sak: 43/24: Gudstjenesteplanen 2025**

Utkast til gudstjenesteplan vart gått gjennom. Bjørg sender denne ut på e-post. Einar gjorde greie for planen for konfirmantundervisinga. Han er glad for at Jorunn Strand og han nå kan dele arbeidet. Mange av samlingane blir på Menighetshuset som tidlegare sagt, men Jorunn vil ha ei samling i Oppstad. Innhaldet i samlingane er ikkje fastlagt.

Vi oppmoder Einar til å legge ei samling til Strøm også, og at den inneheld å bli kjent i kjerka. Det blir lettare å halde konfirmantundervisning i kjerka når bord og stolar er på plass. Einar gjorde elles merksam på at gudstjenestelista for 2025 inneheld åtte gudstjenester på Menighetshuset, som er det same som tidlegare år og som er gjeldande praksis. Skilnaden er at fleire av desse er om våren enn om hausten, samanlikna med tidlegare år.

### **Sak: 44/24: Menighetsbladet**

Siste nummer var betre enn det førre. Frist for stoff til neste nummer er 1. november. Redaksjonen har rydda i annonseoppsettet. Dette gjorde at nokre få faste annonsørar fekk litt høgare pris, og det har kommi reaksjonar på dette. Dei fleste fekk meir plass for same sum som før. Vi er samde om at denne endringa burde vori orientert om i sokneråda, men vi forstår at det er vanskeleg når det ikkje har vori eit felles møte.

Strøm har gjort vedtak tidlegare om at bladet bør organiserast under fellesrådet, men det vart nedstemt den gongen.

Kvart sokneråd har sin representant i redaksjonen, og denne bør informere om redaksjonsarbeidet til soknerådet og gje respons frå soknerådet til redaksjonen.

Hans Jørgen informerte om at bladet i fysisk form nå ser ut til å vera berga gjennom annonseinntekter og billegare produksjon enn før.

### **Sak 45/24: Eventuelt**

- a) Forslag frå Hans Jørgen: Kan vi ha songgudstjenester der vi inviterer kor frå bygda til å delta? Det var god stemning for dette forslaget, og Hans Jørgen sender kontaktopplysingar for Solbakken folkehøgskule, Storsjøkoret, Odal bygdekor og Ters pink til Einar, slik at han kan kontakte desse.
- b) Saker til neste møte, 20. november klokka 16.15:

- a. Det har kommi høring av fire saker. Bjørg sender desse ut og dei blir tekne opp på neste møte. Truleg er sakene noko vi kan svara på om vi vil.
- b. Mannskap til «Natta» og «Hekta-leiren» må drøftast på neste møte. Einar undersøker kva som er venta av vaksen deltaking frå kvart sokn. NB! Vi meiner at foreldre må vera med.
- c. Arbeidsplan for 2025 må innehalde ein ettermiddag for prøving av konfirmantkapper og fotografering. Vi ønsker å gå tilbake til ordninga med at foreldre blir oppmoda til å delta på dugnad på kjerkegarden mens konfirmantane har dette.
- d. Oppsett over kvar ofringa skal gå i 2025
- e. Oppsett for kjerkevertar
- f. Val på leiar for 2025
- g. Berit Mæhlum er ferdig med permisjonsåret sitt og blir invitert til neste møte.
- h. Etter møtet går vi ut og et eit måltid i lag.